

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Årsmelding 2023



Innhald

	side
Fjellstyre	3
Medlemmer	3
Aktivitet	3
Fjelloppsyn	4
Tilsette	4
Aktivitet	4
Refusjon	4
Samarbeid – oppdrag	4
Arealet	5
Stølsbruk	5
Stølar, beite og tilleggsjord	5
Fjellov og stølsforskrift	7
Tomtefeste	7
Hyttefester	7
Næringsfester m.m.	7
Bustadfester	8
Kommunale planer	8
Festeinntekter	8
Fiske	8
Sal av fiskekort	8
Fiskestelltiltak: Storrusefiske i Storfjorden	9
Stampfiske/fiskeutsetting	9
Registreringar	10
Småviltjakt	12
Forvaltning	12
Jaktkortsalg småvilt	13
Jaktprøver/jakhundtrening	16
Smårovvvilt	16
Elgjakt	17
Administrasjon	17
Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen	17
Driftsplanarbeidet	18
Hjortejakt	18
Rådyrjakt	18
Informasjon - tiltak for friluftsliv	18
Tilrettelegging for friluftslivet	18
Informasjon	18
Inatur	19
Turkart	19
Rekruttering til friluftsliv	19
Motorisert ferdsel i utmark	20
Tilskot	20
Tilskot frå fjellstyret	20
Grunneigarfondet	20
Økonomi	21
Generelt	21
Resultat	21
Eigenkapital	22
Resultatregnskap	24
Balanse	25

Årsmelding 2023

Fjellstyre

Medlemmer

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning frem til 19.10.2023:

Leiar	Lars Kvissel	Vara: Johanna Fuglesteg
Nestleiar	Åshild Reien	Vara: Ola Rogn
Medlem	Anne Berit Strømmen Strand	Vara: Einar Lome
Medlem	Terje Kjøs	Vara: Margit Bratvold
Medlem	Gerd Nanti Vika Helle	Vara: Per Håvar Moe Nevland

I sak 77-2023 i Vestre Slidre kommunestyre vart det fatta vedtak om ny fjellstypesamansetning for perioden 2023-2027:

Leiar	Endre Stee	Vara: Einar Lome
Nestleiar	Anne Berit Strømmen Strand	Vara: Marianne Aastad
Medlem	Marit Olvik	Vara: Trine Vistemyren
Medlem	Terje Kjøs	Vara: Ragnhild Sundheim
Medlem	Vidar Opheim	Vara: Henrik Skattebo

Aktivitet

Fjellstyret har hatt 6 styremøte, behandla 26 saker og vore på 1 synfaring. I tillegg deltok representantar på årsmøte for fjellstyrta i Oppland, møter om driftsplan for hjortevilt og årsmøte i Fisking i Valdres. Fjellstyreleiaaren og tilsette har i tillegg delteke på ulike møter og synfaringar.



Fjellstyret i møte i september 2023.

Fjelloppsyn

Tilsette

Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:

Fjelloppsyn Kenneth Monsen, dagleg leiar

Deltidsoppsyn Harald Ranum, Andris Hemsing (01.01.23-15.09.23 og Gorm Engen. I tillegg deltidshjelp i samband med fiskekulturarbeid og arbeid med tiltak for friluftsliv.

Samla har fjellstyret ca. 1,7 årsverk, varierande avhengig av mengde oppdrag.



Tidlegare dagleg leiar – Harald Ranum fekk fortene stele medalje etter 40 års teneste for fjellstyret

Aktivitet

Fjelloppsynet har ein samansett funksjon som omfattar saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Administrasjon og saksbehandling for fjellstyret er viktigaste arbeidsoppgåver for fjelloppsynet. I feltarbeidet er informasjon og tilrettelegging prioriterte oppgåver. Fjelloppsynet har kontorpllass på kommunehuset i Slidre.

Refusjon

Etter fjellova §36 skal fjellstyret ha refundert 50% av utgiftene til godkjent oppslopsordning. Statskog godkjenner årleg budsjett på oppslopsutgifter avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Fjellstyret fekk kr 527 614,- (2022: 322 842,-) i refusjon frå staten. Frå politisk hald er det gjeve ein stor auke som faktisk gjev nærare 50 % refusjon. For 2023 vart det 3040 timar refusjonsberettiga arbeid.

Samarbeid – oppdrag

Fjellstyret har hatt følgjande oppdrag:

- Driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre kommune, sekretærarbeid
- Ulnes sameige, oppsyn med motorisert ferdsel i utmark
- Felleskortet «Fisking i Valdres», sekretærarbeid
- Prosjekt for «Vannområdene Hallingdal og Valdres», innsamling av vassprøver
- Statens naturoppsyn, naturoppsyn og motorferdselsoppsyn i Valdres

Inntektene ved ulike oppdrag er kr 158.325 (2022: 135 516). Inntekt ved oppdrag varierer frå år til år, og det største oppdraget er frå Statens naturoppsyn.

Arealet



- Totalareal: 200.000 daa
+1000 moh: 65.000 daa
- 1000 moh: 135.000 daa
 - Lågaste punkt: Vaset 796 moh
 - Høgaste punkt: Grense Vang/Grunke 1645 m
 - Vatn/vassdrag: 20.000 daa
 - Lauvskog: 60.000 daa
 - Grensar inn til kommunane:
Vang, Hemsedal og Nord Aurdal
 - Arealet utgjer 43 % av kommunen
 - Ca. 290 stølar og 7.500 daa dyrka jord.
Produktive områder som er intensivt brukt med kulturprega stølslandskap
 - Ca. 700 fritidsbustader/leiligheter
 - 2 felt for bustadar, 14 stk. bustadar
 - Utbyggingsområde på Vaset til satsing på turisme
 - Stølsvegar i allmenning ca. 135 km
 - Statsallmenningen er godt tilrettelagt med rasteplassar, informasjonstavler o.l.

Stølsbruk


Stølar, beite og tilleggsjord

Samla er det ca. 290 stoler, inkl. 1 fellesstol. Det er i tillegg 7 stoler som har falt i det fri og som det er oppretta avgiftsfritt feste på. Det er også 2 avgiftsfrie avtaler på jakt/fiskebu frå før 1920. Det er 87 avtaler for kulturbetreibung/tilleggsjord i allmenningen. Samla utgjer dette ca. 7.500 daa dyrka mark. Vestre Slidre statsallmenning er utan samanlikning det mest intakte og aktive statsallmenning for stølsdrift i landet.

Talet på stølar med gardsbruk som driv mjølkeproduksjon i kommunen går sterkt nedover, jf. tabell for kommunen samla. Dei aller fleste stølane i kommunen ligg i allmenningen. Av dei som dreiv mjølkeproduksjon i 2023 var 80 % på stølen. Dei fleste stølane i allmenningen som ikkje har mjølkeproduksjon er likevel i bruk til beite og førproduksjon.




Kommunen har satsa mykje på hyttebygging dei seinare åra. Statsallmenningen fungerer i praksis som friareal for all hyttebygging i vestfjellet. Dette fører med seg utfordring for landbruket og særleg for utøving av beiteretten. Det har kome framlegg frå landbruksnæringa om å gjerde inn heile Vaset-området og andre plassar har dei også problem med at beitedyr dreg inn i hyttefelt på heimåsen. Det er absolutt nødvendig at det blir gjort tiltak for å sikre at ein kan utøve beiterett når kommunen satsar stort på hytteutbygging. Det er starta forsøk med virtuelt gjerdesystem «Nofence» og elektrisk ferist på Vaset. Ved utbygging bør det vurderast om beitenæringa bør sikrast midlar til tiltak i allmenningen fungerer som friareal for all hyttebygging i vestfjellet.



Jfr tal frå organisasjonen Norsk seterkultur, er det i 2023 registrert ein oppgang på antall stølar med setertilskott. Då gjekk talet frå 745 (i 2022) til 750 (i 2023).

Dette er det fyrste året med oppgang på over 100 år.

Følgjande kart syner kvar i landet det finst aktive stølar. Der innlandet med valdres som eit av kjerneområda i landet.



Fjellov og stølsforskrift

Etter fjellov og stølsforskrift skal fjellstyret forvalte bruksrettane i statsallmenningen. Statskog har i hovudsak berre uttalerett i saker som vedkjem stølsbruk.

Stølar som ikkje har vore ”i bruk” fell i det fri etter 20 år, jf. § 22 i fjellova. Fjellstyret har pålegg om å føre tilsyn om stølane og tilleggsjord er i bruk. Hausten 2023 er det sendt ut skjema til alle stølsbrukarar. Denne kontrollen vil skje i 2024.



Tomtefeste

Hyttefester

Samla er det ca. 700 fritidsfester og ca. 100 naustfester i statsallmenningen. Ca. 300 av fritidsfesta er gamle hyttefester som ligg spreidd på stølslaga og resten ligg i hyttefelt (Vaset, Rislie, Fauskehaugen og Kvitehaugen).



Næringsfester m.m.

I statsallmenningen er det 20 avtaler på næringsbygg/reiselivsbedrifter. I tillegg er det fleire avtaler på m.a. idretts- og friluftsanlegg/areal, renovasjon/kraft- og telenett/basestasjon, masseuttak med meir.

Bustadfester

Det er 14 fester/eigartomter for bustadar i allmenningen. Det er avsett to område til bustadbygging på Vaset i kommunedelplan. Det eine området er teke i bruk, det andre er godkjent som områdeplan, men enno ikkje påbyrja.

Kommunale planer

Kommunen ferdigstilte ny kommuneplan i 2022. Det blir lagt opp til å føre vidare dei strenge reguleringane som har vore for å sikre dei viktige natur- og kulturverdiane som er i allmenningen. I dette området skal det framleis bli førd ein streng dispensasjonspraksis. På Vaset har det vore ein del mindre endringar/dispensasjoner det er gjeve uttale på frå fjellstyret. Dette gjeld m.a. føresegn om inngjerding, der fjellstyret er samd med Statskog om å oppretthalde maks inngjerding til 500 m² (i tillegg til lovleg utnytting for bygg). Når det gjeld revidering av plan for Brennabu og Nøsen fjellstogo har dei enno ikkje blitt fremma for behandling.

Festeinntekter

Fjellstyret skal ha 50% av festeinntektene på hytter/hotell, andre feste- og avtaleinntekter går til grunneigarfondet. Festeavgiftene gav fjellstyret ei inntekt på kr 1.476.887 (2022: 1.350.696). Andre feste- og leigeinntekter som ikkje blir fordelt, blir opplyst frå Statskog å vera ca. kr 400.000. Auke i festeinntekter kjem i hovudsak som følgje av utbygging på Vaset. Festeavgifter for fritidsfester blir normalt justert opp etter KPI. Avgifter på næringstromter blir justert ved faste tidsintervall.

Resterande halvdel som tilkjem Statskog vert overført grunneigarfondet. Vestre Slidre statsallmenning har då bidrige til ein overføring på ca 2 mill kroner til grunneigarfondet (meir info om grunneigarfondet på side 20/21)

Fiske

Sal av fiskekort


Det vart selt stk. 1.448 (2022: 1.241) fiskekort samla for innan- og utanbygdsbuande Kortsalet gav ei bruttoinntekt på kr 397.021 (2022: 400.669), inkl. kr 5.828 frå felleskortet «Fisking i Valdres». Til diverse fiskekulturarbeid og stamfiske har fjellstyret brukt kr 112.794 (2022: 136.438), i tillegg kjem fjelloppsynet sitt arbeid.

Fiskekort blir selt via SMS på mobiltelefon, Vipps, på internett via www.inatur.no og på butikkar o.l. Digitalt salg har auka frå 2% til over 85% dei siste åra.

Sal av kort fordelt på korttype:

Innanbygds				Utanbygds															
Enkeltkort		Familiekort		Enkeltkort				Familiekort											
1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	veke	år	oter	1-d	3-d	veke	år			
34	5	2	56	10		1	16	707	109	76	147	94	110	17	8	46			
107				27				1133				181							
134												1314							
1448																			

Samla tal innanbygds vs utanbygdsbuande:



Fiskestelltiltak: Storrusefiske i Storfjorden

Det er kjøpt inn 2 stk storruser for å redusere den store abbor-bestanden. I 2023 ble det take ut i overkant av 400 kg abbor. Størst fangst er første del av sesongen. Dette utfiskingsprosjektet vil ein prøve over fleire år.

Stamfiske/fiskeutsetting

Fjellstyret har i mange år drive stamfiske i Grønsenn, Nestisvatnet og Mosvatnet for levering av rogn til fjellstyra sitt settefiskanlegg FOSA. Fjellstyret leverte 10,7 liter rogn til FOSA (dette er ca 55 600 rognkorn). Dette gav ei inntekt på kr 34.058 u/mva.



Fjellstyret har sett ut 2-årig settefiske i Sørre Syndin (400 stk), Midtre Syndin (600 stk) og (350) Mosvatn. I Buaråne var det satt ut 50-fleirårig settefisk. I dei andre vatna vart det sett ut 2-årig fisk og dette gjeld Grønsenn (400 stk.), Nestisvatnet (400 stk.), Skardtjedn (75 stk), Kringletjern (30 stk). Det er sett ut 1-årig i følgjande vatn: Langebergtjern (100 stk), Svulttjern (300 stk) samt Bjødnhøvdtjern (100 stk). I Storfjorden vart det som vanleg sett ut 10.000 toårig settefisk.


Registreringar

Mange fiskarar er flinke til å sende inn statistikk etter at fisket er avslutta om hausten. Dette materialet gjev oss nytig grunnkunnskap om tilstanden i vatna.



Statusoversikt for fiskevatna

	Nr kart	Navn	Status	Utsatt fisk i 2023
V a t n	1	Bjødnhøvdtjedn	Bør fiskes mer da det er en del gammel fisk.	100, 1-årig
	2	Grønsenn	Svært god vekst og fin aure.	400, 2-årig
	3	Kringeltjedn	Konkurranse av ørekryte.	30, 2-årig
	4	Kroktj. (Lomtj.)	Tynn bestand, god kvalitet.	
	5	Køltjedn	(Svært få prøver)	
	6	Langebergtjedn	Svært god vekst, fin størrelse på auren.	100, 1-årig
	7	Matkista og Halvorstølstj.	Middels vekst. Mindre abbor de siste årene.	
	8	Midtre Syndin	Svært god og utholdende vekst. En del stor aure. Tynn aurebestand	600, 2-årig
	9	Mosvatn	God vekst, ein del stor aure.	350, 2-årig
	10	Nestisvatn	Svært god vekst og fin aure.	400, 2-årig
	11	Nørre Syndin	Svært god vekst, fin størrelse på auren.	
	12	Rensemenn	Middels vekst, overbefolka.	
	13	Skardtjedn	Bestanden på veg opp.	75, 2-årig
	14	Skruvletjedn	Middels god vekst, god bestand.	
	15	Storfjorden	God vekst, avhengig av fiskeutsetting.	10.000, 2-årig
	16	Strøstjedn	Tett abborbestand gir auren middels vekst.	
	17	Svulttjedn	God vekst og god bestand.	300, 1-årig
	18	Sørre Syndin	God og utholdende vekst. En del stor aure.	400, 2-årig
E l v	19	Buaråne	Stor variasjon i fiskestørrelse	50, fleirårig
	20	Flyosen	Stor variasjon i fiskestørrelse	
	21	Krokåne		
	22	Rassvæta		
	23	Reina		




Oterfiske for utanbygds

I Rensenn og i Storfjorden (avgrensa sal) kan utanbygds kan fiske med oter. Dette er eit godt motteke tiltak. I 2023 vart det seld 22 oterkort i Rensenn, og 74 kort i Storfjorden.

Fiskeguide

Fjellstyret har i samarbeid med Vestre Slidre jeger- og fiskarlag laga ein fiskeguide for statsallmenningen. Dette er ein trykksak på 72 sider og i tillegg ein digital versjon som ligg på fjellstyret si nettside. Guiden har mykje god informasjon om kvart vatn med kart, faktaopplysningar og fisketips.



Småviltjakt

Forvaltning

Fugl:

Fjellstyret er bevisste på at jakt i stor grad kjem i tillegg til naturleg tap i småviltbestandane. Med bakgrunn i dette er det viktig med ei langsiktig forvaltning. Kunnskap om ressursane gjennom taksering er basis for jaktreglane. Avskyting blir regulert gjennom dags- og sesongkvote, talet på jaktkort og lengde på jakttid. For å avlaste jaktpresset på rype, er det lagt til rette for trening med fuglehund og for jakt på anna type vilt, m.a. jakt på smårovvilt.



Taksering:

I 2009 tok fjellstyret i bruk linjetaksering etter Distance sampling metoden (avstandsmetoden). Takseringa skjer ved at mannskapane, minimum 2 mann med ståande fuglehund, går forhandsbestemte linjer i terrenget. Desse linjene vert fylgt med GPS. Oppflukter blir registrert og andre detaljer blir også journalført. Alle registreringar blir lagt inn i eit dataprogram som bereknar bestandsstørleik og kjuklingproduksjon. Fjellstyret planlegg takseringsliner i samarbeid med Høgskulen i Innlandet. Vestre Slidre jeger- og fiskarlag saman med andre jegerar i kommunen står for den praktiske gjennomføringa.

Takseringsresultat:

År	Ant. linjer	Ant. meter	Ant. obs.	Ant. ryper	Ryper/obs	Ryper/km ²	Ant kylling/høne
2023	29	82 100	29	69	2,3	4,8	1,1
2022	29	80 400	48	210	4,4	13,5	3,1
2021	29	81 500	62	200	7,6	15,8	2,0
2020	26	75 300	50	235	4,7	15,8	3,4
2019	24	82 700	64	255	4,1	10	2,7
2018	26	87 000	91	502	5,5	23	4,2
2017	26	93 100	85	386	4,5	23,6	3,3
2016	26	90 800	54	306	5,6	19,1	3,9
2015	26	92 400	36	115	3,2	4,5	1,9
2014	21	68 950	32	165	5,1	14(8-23)	5,7
2013	22	76 883	18	95	5,2	6(4-11)	4,4
2012	22	71 755	21	56	2,6	3(2-5)	2,5
2011	23	74 663	26	92	3,5	5(4-7)	1,9
2010	19	64 265	18	81	4,5	8(5-14)	3,6
2009	22	68 650	31	96	3,1	7(4-13)	1,8

For å halde ein konstant vaksenbestand må vi ha 2,5 kjuklingar per rypepar i august. Dette omtalast som ei nedre grense for jaktbart overskot. Fleire kjuklingar vil gje ein aukande bestand, færre gir minkande bestand. Takseringa gir eit godt grunnlag for vidare rypeforvaltning og ein får ein peikepinn på kva tiltak som må settast i verk for å hindre stor avskyting.

Det er ikkje vist at det gir nokon forskjell neste haust om vi fredar eller har ei forsiktig jakt(<15 %). At det ikkje er vist forskjellar, kan ha samanheng med økologiske forhold som at unge omflakkande rovfuglar kan bli tiltrekt til freda områder – og så dør likevel mange ryper som kunne blitt skote.

På bakgrunn av kunnskap om korleis rypene spreier seg, så meiner *Rypeforvaltningsprosjektet 2006-2011* rypestamma er avhengig av kva som skjer ei eit større område. Dette betyr at statsallmenningen i stor grad er avhengig av kva som skjer i naboområder.

Jaktkortsalg småvilt

Jaktkortsalalet gav ei inntekt på kr 364.726 (2022: 516.955). Etter ein gjekk over til avskyting etter resultat frå taksering, vil inntektene varierer frå år til år etter kor stor rypestamma er. Det vart seld i hovudsak seld hare og orrfugl jakt då rypa vart freda i 2023.



Jaktstatistikk


Det er rapportert total felling på 0 ryper (freda), 17 orrfugl og 65 harar.


Felling mellom innanbygdsbuande, fritt og regulert kortsalg for utanbygdsbuande fordeler seg slik:

Jaktdagar og felt vilt	Jakt-dagar	lirype	fjelltype	orrfugl	hare
Innanbygdsbuande	31			8	7
Utanbygdsbuande, regulert periode					
Utanbygdsbuande, forlenga periode					
Utanbygdsbuande, orrfugljakt	134			9	
Utanbygdsbuande, fritt kortsalg harejakt	120				58
Sum	285			17	65


År	Felt vilt Li- og fjelltype	Haustabart overskot for rype (15 %)	Felt vilt Orrfugl	Felt vilt Hare
2023	FREDA	FREDA	17	65
2022	248	355	61	95
2021	80	220 (8%)	11	73
2020	389	415	51	62
2019	269	260	26	50
2018	626	805 (20%)	46	56
2017	442	620	22	22
2016	151	500	43	35
2015	FREDA	FREDA	6	17
2014	79	370	20	30
2013	FREDA	FREDA	8	19
2012	FREDA	FREDA	8	18
2011	36		10	28
2010	215		33	32
2009	250		49	16
2008	501		63	20

Statistikk, fuglejakt:



**Hare:**

Ein har ikkje endra forvaltninga vesentleg dei siste åra, men interessa for å få tildelt jaktkort gjekk ned nokre år. Kortsalget har teke seg opp att siste 3 åra, der noko grunngjeving kan vere at ein har opna for fritt kortsal frå 05. oktober.

Statistikk, harejakt:

Jaktpører/jakthundtrenings

Fjellstyret har hatt ei inntekt på kr 111.560 (2022: 169.925) på jakthundtrenings/jaktpører.


Smårvvilt

Felles jaktkort for smårvvilt i Vestre Slidre og Ulnes sameige

Felles jaktkort på smårvvilt har vore i drift frå 2013 og grunneigarlag som er med i ordninga går fram av kart. Eit auka uttak av smårvvilt kan gi eit positivt utslag for smårvviltbestanden, samstundes som det er ei utfordrande og interessent jakt i seg sjølv.

Kortordninga er administrert av fjellstyret og fjellstyret står for kontroll av felt vilt som det skal betalast skotpremie for. Jaktkortet blir selt via www.inatur.no. Jaktkortet gjeld på følgjande artar: raudrev, grevling, mår, mink, røyskatt, mårhund, kråke, ravn, skjære, nøtteskrike, gråmåke og svartbak.

Kommunen og fjellstyret delar utgiftene til skotpremie. VKR betaler utgiftene til skotpremie for det som blir skote ved avfallanlegget. Det vart totalt betalt ut kr 16.540 i skotpremie (utanom Rebne).



Kommunen og fjellstyret har vore i samtale med VKR å kunne løyse problem på søppelplassen i Rebneskogen med oppføring av skadedyr, spesielt kråke, ravn og rev – utan løysing.

	jaktkort	rev	kråke	skjære	ravn	mår	grevling	mink	røyskatt	skotpremie
2023	55	38				1			4	16450
2022	104	51			1	4				15.650
2021	93	76	37	10	79	1	1	4		28.330
2020	87	58	94	65	55	9	2	2		33.510
2019	114	93	3		1	9	7			64.310
2018	125	48			1	3	7			22.850
2017	110	53	274	80	29	3	4	7	1	40.270
2016	140	19	29	6	31	1	5	15	2	17.360
2015	113	27	9	6	1	2	0	9		17.000
2014	124	57	68	23	5	7	1	1		27.300

Det er ynskjeleg at fleire grunneigarlag blir med i ordninga og det langsigktige målet er å få til eit jaktkort for smårvvilt for ein større del av Valdres.

Kortsaled for smårvviltfordeler seg slik:

2023			Kortperiode	1 dg	2 dg	3 dg	5 dg	veke	10 dg	sesong	sum
Utanbygdslinnan og utanbygdsbuande	Fritt salg	rovvilt m.m.	01.1-31.12							55	55
		and og ringdue	21.08-14.09	21							21
	Begrensakortsalg	smårvviltjakt u og m/hund	15.09.2019								
			20.9-24.09								
			15.9-19.9					20			20

		orrfugljakt u og m/hund	20.9-24.9			20			20
Innlands- buande	Fritt salg	orrfugljakt u og m/hund	15.10-14.12	260		15		15	290
		Småviltjakt	05.10-03.12						
		u og m/hund							
		treningskort fuglehund	5.10-1-4					30	30
		harejakt m/hund	15.10-14.12	109		12	3	30	154
Fritt salg	småviltjakt u/hund	15.9-14.12						4	4
	småviltjakt m/hund	15.9-14.12						19	19


Elgjakt

Administrasjon

Søknad om elgjakt og trekking av jaktfelta skjer via internett på www.inatur.no, nettportalen som bl.a. Norges fjellstypesamband er medeigar i. Arbeid med kontraktskriving og fakturering blir gjort av fjellstyret. Allmenningen er delt i 3 jaktfelt og dei blir leig ut på 4-års kontrakt. Elgjakta gav ei inntekt på kr 58.359 (2022: 76.965). Til fråtrekk frå inntekt kjem fellingsavgifter og administrasjonsavgift til NFS og driftsplanstyret.

Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen

Det vart til saman skote 5 elg (2022: 6 elg) i allmenningen, fordelt på 2 oksekalv, 1 voksen ku samt 2 vaksne oksar. Vestre Slidre ligg inntil som ein buffersone for CDW i Nordfjella. Det er eit ynskje frå statleg hald om å auke avskyting.



Driftsplanarbeidet

Alle grunneigarlag i kommunen har frå 1997 samarbeidd om driftsplan. Gjennom dette arbeidet har ein gjort mange nyttige erfaringar slik at ein har betre kunnskap til å forvalte elgstamma i framtida. Driftsplanen omfattar alt hjortevilt.

Elgstamma var i sterk vekst før ein starta med driftsplanarbeidet og ein hadde som mål å redusere veksten i stamma. Nokre år med store kvoter stoppa veksten og avskytinga vart redusert etter dette. Taksering av elgbeita i 2005 synte likevel at vinterbeitene i kommunen var hardt belasta og det var nødvendig å redusere bestanden meir. Tilbakemeldingane frå elgjegerane er klare på at bestanden i fjellet no er kraftig redusert. Elgen i statsallmenningen er trekkelg og dyra går truleg sør aust mot Hallingdal. Både under trekk og i vinterområda blir det drive vinterjakt. I desse områda har det vore eit mål om å redusere bestanden pga. beiteskader på skog. Det er derfor avskyting utanfor vårt område som i stor grad bestemmer storleik på elgstamma i statsallmenningen.

Tildelt totalkvote for kommunen var 154 elg og 100 hjort. Det vart det felt 79 elg og 65 hjort.

Hjortejakt

Statsallmenningen hadde kvote på eitt dyr. Det vart ikkje felt dyr.

Rådyrjakt

Kortslet er administrert gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Det vart selt 4 rådyrkort og ingen dyr vart felt. Det er avtala ei ny ordning med jeger og fisk for 2023, som sikrar ei viss grunninnbetaling for rådyrkort (kr 150,- pr dyr som jeger og fisk vidaresel).

Informasjon - tiltak for friluftsliv

Informasjon og tilrettelegging er eit prioritert arbeidsfelt for fjellstyret.

Tilrettelegging for friluftslivet

På tilrettelegging for friluftslivet/tilskott jegerprøven/turmål osv har fjellstyret brukt kr 39.267 (2022: 43.458). Det er i tillegg brukt kr 139 807,-, som det skal søkes om delvis refusjon frå UKL i ettertid. I samband med friluftslivtak i regi av Noregs fjellstyresamband er det og brukt 12.807 – dette kan det og søkjas om refusjon på.

Oversikt på tiltak i statsallmenningen:

Informasjonstavler: 12 stk.

Skilt: 85 stk.

Rastebord: 29 stk.

Doar: 13 stk.

Parkeringsplassar: 11 stk.

Open bu: 1 stk.

Bu til utleige (inkl. båt): 1 stk.

Gapahuk: 1 stk.

Båt til fri bruk: 2 stk.

Plassar for å setja ut båt: 8 stk.



Informasjon


Internett er den viktigaste kjelda for å finne informasjon om fjellstyret og statsallmenningen.

Fjellstyret har nettside (www.vestre-slidre-fjellstyre.no) med informasjon om jakt,

fiske og anna orientering om allmenningen. Frå 2003 er fjellstyrevedtak,

årsmelding og offentleg ettersyn tilgjengeleg her. Fjellstyret fekk i 2018 ny

nettside som er tilpassa mobil og nettbbrett.



Fjellstyret har side på Facebook; www.facebook.com/vestreslidrefjellstyre.

Informasjon på Facebook er eit supplement til vanleg nettside.

Fjellstyret har 12 informasjonstavler i fjellet.

Inatur

Internettportalen www.inatur.no er eit felles satsingsområde for Norges Skogeierforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, Statskog og Norges fjellstypesamband. På portalen skal du kunne få informasjon og kjøpe tenester innan jakt, fiske, hytteutleige og kart. Fjellstyret tilbyr hytteutleige, jakt- og fiskekort på internett frå Inatur. Søknad og tildeling av elgjakt går også gjennom Inatur.



Turkart

Sal av kartet gav ei inntekt på kr 6.375 (2022: 11.539). Fjellstyret må i løpet av 2024 trykke nytt og oppdatert turkart, revisjon er igangsett.

Rekruttering til friluftsliv

Fjellstyret har i samarbeid med jeger- og fiskarlaget arrangert isfiskedag i mars for 5. klasse, fiskedag i juni ved Buaråne for 6. klasse og fiskeutsetting med 9. klasse i juni. Eit nytt prosjekt for 2023 var ungdomscamp første helg etter skuleslutt. Saman med jeger- og fiskarlaget er det også arrangert ein familiefiskedag ved Buaråne i juli. Fjelloppsynet hadde også fiskedag med ukrainske flyktningar i august.

Samarbeidsgruppa har ein 30-manns lavo, båt, fiskeutstyr, turutstyr m.m. Dette utstyret blir brukt i ulike samanhengar på skulen og andre arrangement. I 2023 vart det take avgjerd saman med jeger og fiskeforeninga om å gje denne til skulen som ei gave – då den ikkje lenger er i bruk slik opphavleg tenkt. Fjellstyret dekkjer som tidlegare kostnadane til jegerprøven og gir gratis fiske- og jaktkort for ungdom tom 20 år. For året 2023 var det 13 lokale personer (med støtte frå fjellstyret) som deltok på jegerprøvekurset, totalt 21 på kurset.

”Turmål i Vestre Slidre” er eit friluftstiltak som fjellstyret driv. Målet er å få folk i alle aldrar ut på tur og bli kjent i kommunen. Dette er 10 turmål i forskjellige delar av kommunen og deltakarane blir premiert med ein keramikkopp. Vestre Slidre sparbank er med å dekke delar av utgiftene til krus. Talet på deltagning har gått sterkt ned siste åra, og for 2023 vart det levert 55 stk. skjema frå personar som har gått turane.



Motorisert ferdsel i utmark

Ulovleg bruk av snøskuter varierer over tid og dei siste åra har det vore auka aktivitet i enkelte område. Det mest bekymringsfulle er likevel at det har vore fleire tilfelle med barmarkskjøring med bil og ATV og dette gir langvarige spor i terrenget.

Erfaring syner likevel at ein del miljø er töffare og politiet tilrår fjelloppsynet å vera varsam med å drive slikt oppsyn åleine. Fjelloppsynet har opplevd trugane oppførsel i samband med snøskuterkontroll. Etter tiltak frå regionalt oppsynsutval har fjellstyret vedteke å stille fjelloppsynet til disposisjon for snøskuterkontroll over kommunegrensene i samarbeid mellom politi, Statens naturopsyn og fjelloppsynet. I 2023 er det gjennomført fleire kontrollar vinterstid ut over Vestre Slidre statsallmenning, både gjennom sal av tenester (Statens naturopsyn og Ulnes sameige), samt samarbeid med politiet.

Lov om ”Motorisert ferdsel i utmark” vart endra på ein del punkt i 2015. Ved denne lovendringa vart grunneigar sin styringsrett med motorisert ferdsel i utmark overført frå Statskog til fjellstyret. Fjellstyret har vore pådrivar i prosessen då ein såg behov for å styre motorisert ferdsel i utmark meir enn det Statskog og kommunen gjorde. Fjellstyret har gjort eit prinsippvedtak om korleis ein skal behandle saker knytt til motorisert ferdsel i utmark. Det vil bli utarbeidd avtaler med løypelaga basert mal godkjent av DNT, NFS mfl.

Tilskot

Tilskot frå fjellstyret

Fjellstyret har gjeve kr 20.225 i tilskot (2022: kr 12.925).

- Skotpremie: kr 8.225
- GPS til løypelag: kr 2.250
- Jegerprøve: Kr 9.750

I samarbeid med Vestre Slidre kommune har fjellstyret i mange år hatt ei tilskotsordning til framføring av straum eller innkjøp av aggregat til stølar med mjølkeproduksjon. Stølbruksarar som bind seg til mjølkeproduksjon på stølen i 5 år får 30 % tilskot, avgrensa opp til kr 50.000. Tilskotsordninga kan til ein viss grad binde opp kva andre tiltak fjellstyret kan støtte. Det kom ingen søknader om dette i 2023.



Grunneigarfondet

Festeinntektene frå statsallmenningen blir delt likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret.

Grunneigarfondet er administrert av Statskog og NFS gir utale til tildeling av tilskot.

Privatpersonar, kommunar, organisasjonar og andre kan søkje om tilskot eller lån frå Grunneigarfondet til tiltak i allmenningane eller som utnyttar resursar frå allmenningane.

I framlegg til ny fjellov har fleirtalet foreslege at alle grunneigarinntekter skal delast likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. I høyring til ny fjellov tilrådde fjellstyret at ein større del av grunneigarinntektene skulle bli att i lokalsamfunnet. Fjellstyret foreslo at lovtekst vart endra til at fjellstyret skal minimum ha 50% av alle brutto grunneigarinntekter og at ev. fordeling ut over 50% kan fastsetjast i eigen forskrift. Det er usikker om eller ny fjellov blir teke opp til politisk behandling.

Økonomi

Generelt

Fjellstyret er eit frittståande organ både økonomisk og administrativt. Alle inntekter frå jakt og fiske i allmenningen går direkte til fjellstyret. Festeinntektene frå hytter/hotell blir delt likt mellom fjellstyret og Grunneigarfondet. Fjellstyret får refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning direkte frå staten ved eige post i statsbudsjettet. Siste år vart det auka overføring over statsbudsjettet. Dermed ligg det an til ein ny refusjonsordning som er under prøving no – der ein kan rekne med å få oppunder 50 % refusjon. Noko som er langt betre enn tidlegare.

Resultat

Rekneskapet viser inntekt på kr 3.460.539, og i tillegg renteinntekt på kr 152.520. Utgifter på kr 3.231.055. Dette gir eit overskot på kr 382.005 (2022: 322.363). Overskotet har dei siste åra auka ein del. Fiskekortsalget har stagnert, og ligg på eit stabilt nivå samanlikna med i fjor.

Rypestamma vil variere mykje frå år til år og ein må rekne med å måtte frede rypa enkelt år. Rypa vart freda i 2023, og gav ein reduksjon i inntekt. Imidlertid er dette dekvis oppveid av ein viss auka i sal på harejakt/orrfugl.


Elgstamma er redusert og gir og langt mindre inntekt enn tidlegare. Festeinntektene har ein oppgang grunna auka utbygging på Vaset. Vi har stabil inntekt på oppdrag dei siste åra, men det ikkje så stort overskot då vi får auka lønnsutgifter. Finansinntektene er og auka grunna sterk renteoppgang.

Festeinntekter blir regulert i samsvar med KPI (konsumprisindeks) og prisrammer på jakt og fiske har også vore regulert etter KPI. Auken i refusjon til oppsyn frå staten har vore mindre enn KPI. Ein stor del av fjellstyret sine utgifter er lønnskostnader og lønnsutvikling er større enn KPI, spesielt utgifter til pensjon har auka. Dette gjer at inntektsgrunnlaget til fjellstyret på sikt gradvis kan bli redusert. Utbygging på Vaset med auka festeinntekter, har gjort til at fjellstyret likevel har klart å auke inntektene. Om det blir ei regelendring i ny fjellov, slik at fjellstyret får minimum 50% av alle festeinntekter (ikkje berre hytter og hotell), vil dette slå positivt ut for fjellstyret.

Fjellstyret har dei siste åra auka inntekta og har fått betre økonomisk handlingsrom. Det vart difor i 2022 igangsett arbeid med å føre opp ny fjellstyrehytte ved Buaråne. Denne er ferdigstilt i 2023, og er allereie blitt sær populær – både for innan og utanbygds.

Hytta i Bakli er og plassert på grunnmur, og vil bli ferdigstilt i 2024.

Dette vil vere vere eit svært godt tilbod til jakt-, fiske- og friluftsinteressene. Fjellstyret har fått tilsegn om tilskot frå Grunneigarfondet for å bygge hytta. Det er viktig at ein sørger for å investere i fiskekulturarbeid slik at fisket også i framtida kan vera til glede for besøkande og samstundes kan gi inntekter. Det er også viktig å forvalte jaktressursane på ein slik måte at det kan vera ein berekraftig ressurs for framtida. Fjellstyret arbeider kontinuerleg med å redusere driftsutgifter og sjå på inntektsmuligheter.




Det store overskotet i 2007/2008 er i hovudsak pga. av innløysing av fester. Beløpet er avsett i eit fond, der rentene skal kunne brukast til drift.

Eigenkapital

Eigenkapitalen er den 31.12.23 kr 7.990.700 (2022: 7.608.695).



Ny fjellstyrehytte: Buarånbue. Ferdigstilt desember 2023.



(Deler av bunde eigekapital er kr 1.058.134 – fond for innløyste festeavgifter, jfr tidlegare fjellstyreveidtak)


Fjellstyret har godkjent rekneskapetet i sak 13/24.
Rekneskapet er revidert av Nilson revisjonskontor.


Kenneth Monsen

Daglig leder


Endre Stee


Styrets leder
Nestleder


Anne Berit Strømmen Strand

Nestleder


Marit Olvik


Styremedlem


Terje Kjøs

Styremedlem



Vidar Opheim

Styremedlem




Resultatregnskap

	2023	2022
Driftsinntekter og driftskostnader		
Salgsinntekt avgiftspliktig	198 758	179 132
Salgsinntekt avgiftsfri	939 863	1 176 570
Offentlig tilskudd/refusjon	Note 10	648 264
Leieinntekt	Note 5	1 624 411
Annен driftsrelatert inntekt	49 244	3 500
Sum inntekter	3 460 539	3 124 827
Driftskostnader		
Varekostnad	4 962	17 344
Lønnskostnad	Note 3, 6 og 7	2 088 820
Driftskostn. og av- og nedskrivninger	724 631	776 633
Annen driftskostnad	Note 9	412 643
Sum driftskostnader	3 231 055	2 837 259
Driftsresultat	229 485	287 569
Finansposter		
Renteinntekter	152 520	34 794
Rentekostnader	-	-
Finanskostnad	-	-
Årsresultat	382 005	322 363



Balanse

		2023	2022
Eiendeler			
Tomter, bygninger og andre fast eiendom	Note 4 og 10	1 185 402	1 003 527
Transportmidler	Note 4	87 571	70 994
Fiansielle anleggsmidler	Note 2	159 518	153 171
Sum anleggsmidler		1 432 491	1 227 692
Omløpsmidler			
Varer		3 125	1 277
Kundefordringer og andre fordringer	Note 14	1 105 662	121 565
Til gode mva		319 810	185 300
Forskuddsbet. Kostnad, påløpt inntekt ol.		11 188	9 735
Bankinnskudd, kontanter o.l.	Note 12	6 026 197	6 812 728
Sum omløpsmidler		7 465 982	7 130 606
Sum eiendeler		8 898 473	8 358 298
Egenkapital og gjeld			
Egenkapital			
Annen egenkapital		6 932 565	6 550 561
Fond for innløste festeavgifter		1 058 134	1 058 134
Sum egenkapital		7 990 699	7 608 695
Gjeld			
Leverandørgjeld		331 994	278 569
Skattetrekk og andre trekk		200 875	181 765
Offentlige avgifter		40 713	32 328
Annen kortsiktig gjeld		334 191	256 941
Sum kortsiktig gjeld		907 774	749 603
Sum egenkapital og gjeld		8 898 473	8 358 298





Vestre Slidre fjellstyre

Postadresse: Slidrevegen 20, 2966 Slidre

Internett: www.vestre-slidre-fjellstyre.no/
www.facebook.com/VestreSlidrefjellstyre